



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 20.10.2016

Vår ref.: 2016/895-64

Saksbehandlar: maraskv

Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Kulturelt utviklingsprogram 2016 - Underretting om tildeling

Vi viser til søknaden dykker om tilskot til Kulturelt utviklingsprogram KUP 2016.

Hordaland fylkeskommune, Utval for kultur, idrett og regional utvikling, har i møte 12.10.2016, politisk sak 135/16 vedteke å tildele dykk «TS_INNVILGET» kr i tilskot.

Grunngjeving:

Ved søknadsfristen «TS_FRIST» var det kome inn 53 søknader. Samla søkesum var om lag 26 millionar kroner. Det er totalt «TS_RAMME» kr til fordeling under Kulturelt utviklingsprogram KUP 2016 i år.

Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria fastsett i vedtekne retningsliner. Til grunn for handsaminga låg utgreiing av prosjektet slik det vart framstilt i søknaden. Dykker søknad vart vurdert saman med andre søkerar opp mot retningsliner og prioriterte programområde for Kulturelt utviklingsprogram og kulturplanen PREMISS: KULTUR, med tilhøyrande handlingsplan.

Vi viser til politisk vedtak, saksframlegg og katalog med oversyn over søknadane og fylkesrådmannens kommentarar. Merk at det politiske vedtaket i protokollen i nokre tilfelle er ulik fylkesrådmannens innstilling.

Saksframlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/elnnsyn/DmbHandling>ShowDmbHandlingDocument?dmbId=8103&caseType=CasesFremlegg®istryEntryId=239777>

Politisk vedtak:

<http://einnsyn.hfk.no/elnnsyn/DmbHandling>ShowDmbHandlingDocument?dmbId=8103&caseType=Protokoll®istryEntryId=239777>

Vedlegg:

<http://einnsyn.hfk.no/elnnsyn/RegistryEntry>ShowDocumentFromDmb?registryEntryId=239777&documentId=415754>

Vilkår for tilskotet - Oppfølging, rapportering og kontroll

- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansiert i samsvar med godkjend finansieringsplan. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan normalt dekke inntil 50 % av godkjende prosjektkostnader. Dersom samla finansiering frå andre kjelder vert redusert vil det fylkeskommunale tilskotet verta redusert tilsvarende. Dersom tildelt sum er lågare enn omsøkt sum, må oppdatert finansieringsplan leverast til godkjenning.

- b) Tilsegnsmottakar skal av eige tiltak varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i prosjektplanen, til dømes vesentlege endringar i kunstnarisk profil/program, budsjett eller finansieringsplan. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.
- c) Prosjektet skal gjennomførast i samsvar med prosjektgrunnlag og plan for kostnader og finansiering. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta eller falla bort.
- d) Dersom prosjektet inneber framføring eller liknande med sal av billettar, er det ein føresetnad at tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- e) Tilsegnsmottakar skal informera tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune ved alle presentasjonar, framføringar og liknande.

Utbetaling

Det er særlege rutinar for utbetaling for Kulturelt Utviklingsprogram KUP;

Vi ber om at de signerer og returnerer vedlagte standardvilkår innan 4 veker som ei stadfesting på at de har akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt i samsvar med desse. Om det har skjedd vesentlege endringar i prosjektet sidan den opphavlege søknaden vart sendt inn, t.d. i budsjettet, må de t.d. sende inn oppdatert finansieringsplan eller evt. ta kontakt før standardvilkår vert signert.

Første utbetaling finn stad snarast råd etter at vi har motteke dykker stadfesting. Fleirårige prosjekt vil få dei neste utbetalingane etter at årlege statusrapportar er sendt inn. Om ikkje anna vert avtalt, vert midlane utbetalt jamt fordelt pr. år i prosjektperioden etter at statusrapport er sendt inn og godkjent av leiar. Siste 10% av totalsum vert utbetalt når det ligg føre sluttrapport og -rekneskap.

Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalte tilskot er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalte tilskot skal betalast attende snarast.

Statusrapportering og oppfølging i prosjektperioden

For fleirårige prosjekt skal signert statusrapport sendast inn kvart år. Dette gir grunnlag for utbetalingane i perioden. Ein mal for rapporteringsskjema er lagt ved dette brevet.

Møter for oppfølging og evaluering av prosjektet skal gjennomførast ved behov og etter nærmare avtale.

Dykker kontaktperson vil vera Marianne Ose Askvik telefon: 55239543 eller e-post kup@hfk.no

Presentasjon av prosjektet

Fylkeskommunen vil ha tilgjengeleg ein presentasjon av dei einskilde prosjekta, mellom anna for å leggja til rette for kontakt, nettverkbygging og auka overføringsverdien. Tilsegnsmottakar må difor innan fyrste halvår sende ein kortfatta presentasjon av prosjektet i tekst og bilet/foto og kontaktinformasjon, samt godta at dette materialet deretter kan verte publisert / vidareformidla.

Rapportering med rekneskap ved prosjektslutt

Sluttrapport skal sendast til fylkeskommunen ved prosjektslutt. Sluttrapporten skal innehalda desse punkta:

- Kort om bakgrunn og målsetting for prosjektet
- Greie ut om gjennomføringa av prosjektet og i kva grad målsettinga vart nådd.
- Oppsummering av prosjektarbeidet, erfaringar som til dømes sterke/svake sider ved organisasjon/gjennomføring, fylkeskommunal medverknad mv.
- Eventuell vidareføring av prosjektet, overføringsverdi

- Sluttrekneskap signert av prosjektansvarleg, skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Kultur og idrettsavdelinga ved prosjektlutt. Statsautorisert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn frå og med kr 100 000,-.
- Tilsegnsmottakar må også gje ei supplerande presentasjon i tekst/foto ved prosjektlutt.

All rapportering skal sendast på e-post til hfk@hfk.no og skal merkast med saksnr. 2016/895

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkrevd for sin kontroll.

Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, hfk@hfk.no merka *Klage – saksnummer*.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Ronny B Skaar
utviklingssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Aksept av vilkår for tilskot
- 2 Rapporteringsskjema